



# Gå vegen vidare hjå oss!





# Innhold

<b>Velkommen .....</b>	<b>5</b>
<b>Utdanningsprogram .....</b>	<b>8</b>
Studiespesialisering .....	9
Programfag .....	10
Påbygging til generell studiekompetanse .....	12
Teknologi- og industrifag .....	14
Elektro og datateknologi .....	16
Helse- og oppvekst .....	18
Vekslingsmodellen .....	20
<b>Livet på skulen .....</b>	<b>22</b>



Foto s. 1-3: Luke Tennant



# Velkommen!

I fleire tiår har ungdomar i Vest-Telemark vald å gå på Vest-Telemark vidaregåande skule. No håpar vi du også har lyst til å ta opplæringa hjå oss.

Skulen starta i 1977 med utdanning i handel og kontor. Deretter kom maskin- og mekanikarlinja, samt helse- og sosialfag. Frå 1979 har skulen hatt allmennfag, no studiespesialiserande, og etter det kom også elektrofaglina. Sidan oppstarten har mange vesttelar fått vidaregåande opplæring her hos oss. Elevundersøkinga viser at vi ligg i fylkestoppen på dei fleste område som handlar om elevane si opplæring og læringsmiljø.

Vest-Telemark vidaregåande skule er ikkje så stor. Derfor blir lærarar og elevar godt kjende med kvarandre. Med små forhold er det lett for lærarane å samarbeide, og for skulen å samarbeide med føresette, bedrifter og helsetenester. Elevane blir godt sett av dei vaksne, og dei kan slik få tett oppfølging. Det trur vi kan vere ein av grunnane til dei gode resultata.

Skulen har godt samarbeid med det lokale næringslivet i Vest-Telemark. Fleire veker i året har vi elevar i utplassering hjå ulike bedrifter, og elevane som

går ut frå skulen vår er ettertraka blant mange bedrifter som tilbyr lærlingplassar – også i andre delar av fylket.

For elevar på studiespesialiserande tilbyr vi to ulike programområde etter vg1: språk og samfunnsfag, eller realfag. Vi tilbyr ulike programfag, så langt det let seg gjere. Ny teknologi gir oss høve til å samarbeide med Nettskulen Vestfold om å tilby endå fleire fag.

Vestfold og Telemark fylkeskommune har gitt klarsignal til å gjøre utbetringar på skulebygningen. Vi ser fram til oppussing og rehabilitering dei neste åra.

Vi håpar du søker deg til Vest-Telemark vidaregåande skule. Vi trur du vil trivast hjå oss!

**Helsing alle oss tilsette ved Vest-Telemark vidaregåande skule.**

# Utdanningsprogram

Du kan velje mellom dei studieførebuande utdanningsprogramma studiespesialisering og påbygg til generell studiekompetanse. Av yrkesfag kan du velje mellom elektro og datateknologi, teknologi- og industrifag eller helse- og oppvekstfag. Ved å velje vekslingsmodellen, kan du også få fagbrev som rørleggar, tømrar, kokk eller servitør.



# Studiespesialisering

Du kan velje mellom programområda realfag og språk, samfunnsfag og økonomi. Utdanninga gir deg mange moglegheiter, og du kan gå vidare på høgskule eller universitet i Noreg eller utlandet.

## Vg1

Dette året har du fellesfaga norsk, engelsk, samfunnsfag, matematikk, naturfag, geografi, framandspråk og kroppsøving. Du kan også velje programfaget breiddeidrett for vg1.

## Vg2

Dette året har du fellesfaga norsk, historie, framandspråk og kroppsøving, samt programfag – alt etter kva fordjuping du vel. Du kan velje programfaget breiddeidrett for vg2.

## Vg3

Dette året har du fellesfaga norsk, historie, religion og etikk og kroppsøving, i tillegg til programfag. Om du ikkje hadde framandspråk på ungdomsskulen skal du ha dette også i vg3.

## Sveinung Omdal Tveito elev 2010–2013



### Kva utdanningsprogram tok du?

Studiespesialisering, retning språk, samfunnsfag og økonomi. Etterpå studerte eg rettsvitenskap ved Universitetet i Bergen.

### Kvar jobbar du no?

Eg er juridisk rådgjevar for Forsvarsbygg.

### Kva var det beste med Vest-Telemark vidaregåande skule?

Flinke lærarar, snille medelevar og middag heime hjå mor og far kvar dag.



Foto: Luke Tennant

# Studiespesialisering

## Programfag

Når du går studiespesialisering, må du velje programfag.  
Då får du høve til å fordjupe deg i fag som interesserer deg.

### Dette er programfaga vi tilbyr på Dalen:

- Realfag: Matematikk, fysikk og kjemi
- Språk, samfunnsfag og økonomi: Engelsk, entreprenørskap og bedriftsutvikling, sosiologi og sosialantropologi og sosialkunnskap.
- Breiddeidrett på vg1 og vg2

Nedanfor kan du lese meir om eit utval av programfaga vi tilbyr:

### Breddeidrett

Til deg som er glad i sport, idrett og likar å prøve ut nye aktivitetar, tilbyr vi programfaget breiddeidrett. Her får du prøve ut alt frå klatring til alpint, og du får moglegheit til utvikling av eigenidrett. Saman med klassa skal du også på overnattingstur. Du kan ha faget både i vg1 og vg2.

### Entreprenørskap og bedriftsutvikling

Har du ein gründer i deg? Då kan entreprenørskap og bedriftsutvikling vere det rette programfaget. Entreprenørskapsfaget er i stor grad eit praktisk fag, og du får stort kreativt spelerom. Du startar blant anna ungdomsbedrift saman med medelevar. Faget er eit fordjupingsfag for dei som har valt programområdet språk, samfunnsfag og økonomi.

### Kjemi

Kjemi handlar om oppbygninga, eigenskapane og reaksjonane til stoff og material. Faget består av både teoretisk og praktisk arbeid. På kjemisalen vår vert det utført ulike former for eksperiment, laboratoriearbeit og forsøk. Kjemi er eit av faga vi tilbyr som fordjuping til dei av elevane som har valt programområdet realfag.

Vil du vite endå meir? Gå inn på [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no)



# Påbygging til generell studiekompetanse

Påbygg er eit 1-årig tilbod for deg som allereie har fagbrev eller som har gått to år på yrkesfag. Med dette tilleggsåret kan du kome inn på høgare utdanning.

For dei som kjem rett frå to år på yrkesfag inneheld dette året faga norsk, historie, matematikk, naturfag, kroppsøving og eit programfag. I skrivande stund er dette psykologi. Det største faget, med ti timer i veka, er norsk. Dette er vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

Dei som har fagbrev, og med dette også yrkeskompetanse, treng ikkje kroppsøving eller programfag. Vi kallar dette løpet vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

Påbygg er eit arbeidsintensivt år der du på relativt kort tid rustar deg til å studere på høgskule eller universitet.

**Åsne Taraldlien**  
elev 2018-2021



**Kva slags utdanningsprogram tok du?**

Helse- og oppvekst vg1, helsefagarbeidar i vg2, deretter påbygg.

**Kva studerer du no?**

Eg studerer vernepleie i Grimstad ved Universitetet i Agder

**Kva var det beste med å gå på Vest Telemark vidaregåande skule?**

Det beste var skolemiljøet. Eg blei kjend med folk frå andre kommunar, og flinke lærarar gjorde det lettare å lære.



# Teknologi- og industrifag

Dette utdanningsprogrammet passar for deg som likar å arbeide med praktiske fag og bli litt skitten på hendene. I vg2 vel du mellom å fordjupe deg i arbeidsmaskiner, køyretøy eller industrifag.

## Vg1

Dette året har du fellesfaga engelsk, matematikk, kroppsøving og naturfag, og programfag som konstruksjons- og styringsteknologi, produksjon og tenester, produktivitet og kvalitetsstyring. Gjennom året skal du også ut i praksis i ei lokal bedrift, eller jobbe med ei praktisk oppgåve knytt til eitt av programområda du kan velje på vg2.

## Vg2

Dette året skal du ha fellesfaga samfunnsfag, kroppsøving og norsk, og kan velje fordjupning og praksis innan eitt av følgjande programområde:

- Arbeidsmaskiner:** Reparasjon og vedlikehald av anleggs- og landbruksmaskiner.
- Køyretøy:** Reparasjon og vedlikehald av bilar og andre køyretøy.
- Industrifag:** Bruk og vedlikehald av maskiner til industriell produksjon. Her vil du med anna få kunnskap om teknisk teikning og materialval.

**Halvard Kostveit**  
elev 2007-2009



**Kva slags utdanningsprogram tok du?**  
Tip vg1 og lette køyretøy i vg2. Var lærling som bilmekanikar på Autosenteret AS.

**Kvar jobbar du no?**  
Som mekanikar på Vinje Motorsenter.

**Kva var det beste med å gå på Vest-Telemark vidaregåande skule?**  
Det var veldig godt miljø og flinke lærarar. Eg lærte mykje som eg har hatt god nytte av seinare!



# Elektro og datateknologi

Dette utdanningsprogrammet passar for deg som likar å arbeide med både praktiske og teoretiske fag. I vg2 tilbyr vi retninga elenergi, ei retning som opnar for mange ulike arbeidsmoglegheiter.

## Vg1

Dette året har du fellesfaga engelsk, naturfag, matematikk og kropsøving, i tillegg til dei yrkesretta programfaga energi og styresystem og elektriske krinsar og nettverk.

Gjennom året skal du også ut i praksis i lokale bedrifter, og fordjupe deg i praktiske oppgåver du seinare vil møte når du skal vere lærling.

## Vg2

Dette året har du fellesfaga norsk, kropsøving og samfunnskunnskap, i tillegg til dei yrkesretta programfaga elektronisk kommunikasjon og elenergi og styresystem. Du skal også ha fleire veker praksis i bedrift, anten som elektrikar eller energimontør.

**Knut Olav Slåtta Flothyl**  
elev 2016-2018



**Kva slags utdanningsprogram tok du?**

Vg1 elektro og vg2 el-energi. Eg hadde lærertida mi i Bjerke Nettbygg AS og tok fagbrev som energimontør.

**Kvar jobbar du no?**

For tida er eg i Sjøforsvaret, men planlegg å gå tilbake til jobb som energimontør.

**Kva var det beste med å gå på Vest-Telemark vidaregåande skule?**

Vi hadde flinke lærarar med mykje erfaring, og fridom til å sjølve bestemme over kva vi ville arbeide med og fordjupe oss i.



Foto: Luke Tennant

# Helse- og oppvekst

Likar du å arbeide med menneske? På dette utdanningsprogrammet kan du anten utdanne deg til barne- og ungdomsarbeidar eller helsefagarbeidar.

## Vg1

Dette året har du fellesfaga engelsk, naturfag, matematikk og kroppsøving, i tillegg til dei yrkesretta programfaga yrkesliv, kommunikasjon og samhandling og helsefremmande arbeid. Gjennom året skal du også ut i praksis, i til dømes barnehage, sjukeheim eller omsorgsbustad.

## Vg2

Dette året skal du ha fellesfaga samfunnsfag, kroppsøving og norsk, og kan velje fordjuping og praksis innan eit av følgjande programområde:

- **Helsefagarbeidar:** Stell og omsorg av eldre og menneske med funksjonshemningar.
- **Barne- og ungdomsarbeidar:** Arbeid med barn og ungdom i til dømes barnehage, skule eller skulefritidsordning.


**Kristine Hustveit Liane**  
elev 2012-2014



**Kva slags utdanningsprogram tok du?**  
Helse- og oppvekst vg1, helsefagarbeidar vg2, deretter ambulansefag og sjukepleie.

**Kvar jobbar du no?** På ambulansestasjonen og akuttmottaket på Notodden.

**Kva var det beste med å gå på Vest-Telemark vidaregåande skule?** Det gode skolemiljøet på tvers av klasser og utdanningsprogram. Då eg var usikker på vegen vidare, gav lærarane meg råd og tips. Hadde det ikkje vore for dei, hadde eg ikkje hatt den utdanninga eg har i dag.



# Vekslingsmodellen

Vil du bli tømrar, røyrleggar, kokk eller servitør? Er du i tillegg glad i praktisk arbeid, og vil helst ut å jobbe med ein gong? Då kan vekslingsmodellen vere det rette for deg. Her vekslar du mellom å gå på skule og vere i arbeid i bedrift frå fyrste dag.

## Kvifor meir praktisk arbeid?

Fordi vi trur mange av dykk lærer meir når de gjering sjølve. Fordi mange forstår teorien betre ved å gjere det i praksis. Fordi mange likar praktisk arbeid betre enn vanleg skule. Fordi du lærer betre når du trivst og har det bra.

## Korleis er utdanninga lagt opp?

Dei fyrste tre åra vil du ha faste dagar på skulen på Dalen, og faste dagar som lærling ute i bedrift. Dei siste 1–1,5 åra vil du vere lærling på fulltid og førebu deg til fagprøve.

På skulen skal du ha matte, naturfag, samfunnsfag, engelsk og norsk saman med elevane i andre yrkesfagsklasser. Du vil også få undervisning i den delen av yrkestori det er enklare å lære på skulen enn ute i bedrift.

## Er utdanninga like bra?

Du får standpunktarakter i fellesfag, og går opp til eksamen i programfag etter 3. året. Etter 4-4,5 år går du opp til same fagprøve som alle andre lærlingar.

## Kven passar utdanninga for?

- Deg som likar å lære gjennom praktisk arbeid.
- Deg som er ganske sikker på kva du vil bli, då det ikkje er like lett å bytte utdanningsløp i vekslingsmodellen.

## Vil du ut i arbeid?



Dette fagtilbodet er lagt opp slik at du vekslar mellom opplæring på skulen og ute i bedrift frå skulestart. Derfor har vi kalla tilbodet vekslingsmodellen.


Du får fast plass i ein av klassane på skulen, og blir ein del av klassemiljøet.



Foto: Paal André Schwital

# Livet på og rundt skulen

Å vere elev på vidaregåande skule handlar ikkje berre om å sitje på skulebenken. Mange av elevane våre har reist på skuletur både utanlands og innanlands. Vi tilbyr også skuteropplæring kvar vinter. Vi samarbeider med Tokke kommune for ulike tilbod til elevane som går på Dalen – både dei som bur heime og dei som bur på hybel.



Elevane som tar studiespesialisering reiser på utenlandstur. Her er vg3 på tur til Aranøyene i Irland, 2016.

Reisene våre er både nyttige og morosame, slik som då vg3 drog til Edinburgh i 2019.

Skulen tilbyr kurs og opplæring i førarkort klasse S for sneskuter kvar vinter. Informasjon og påmeldingsskjema finn du på skulen sine heimesider.



Foto: Vest-Telemark vidaregående skule.



Foto: Vest-Telemark vidaregående skule.



Foto: Lars Torstein Momrak.




Foto: Luke Tennant




Foto: Telemark vidaregående skule



Hybelelevane får medlemsskap på Tokkegym eller Tokkebadet, og får bruke badstova Soria Moria på Dalen.

Foto: Luke Tennant



Vest-Telemark vidaregående skule  
[vtfk.no/skoler/vest-telemark-vgs](http://vtfk.no/skoler/vest-telemark-vgs)

**Postadresse:**  
Postboks 2844  
3702 Skien

**Besøksadresse:**  
Storvegen 195  
3880 Dalen

**Kontakt:**  
Sentralbord: 35 91 97 00  
[vesttelemark.vgs@vtfk.no](mailto:vesttelemark.vgs@vtfk.no)

## **Vil du vite meir om Vest-Telemark vidaregåande skule?**

På heimesidene våre kan du finne praktisk informasjon,  
til dømes om livet på hybel og skuteropplæring  
Sjå her: [www.vtfk.no/skoler/vest-telemark-vgs](http://www.vtfk.no/skoler/vest-telemark-vgs)

Følg oss på:

 [facebook.com/VTVGS](https://facebook.com/VTVGS)

 [vesttelemarkvgs](https://vesttelemarkvgs)

